



Samferdselsdepartementet

### **Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik – førespurnad om møte**

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Vi arbeider for betra ferjetilbod for Hella-Vangsnes-Dragsvik og har over tid vore i kontakt med Statens vegvesen Region vest for å få 30 minutts frekvens på dagtid og nattferjer på sambandet, og vi har gitt innspel i høyringsrunden.

Samferdsletilbodet er viktig for regional utvikling. Føreseielege avgangar er viktig for næringsliv/transport, pendling, heilårsreiseliv og for innbyggjarane si deltaking i sosiale arrangement i regionen. Sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik har i dag ujamn frekvens. For dei fleste avgangane er frekvensen på 45-55 minutt - og på enkelte ruter er det inntil 80 minutt mellom avgangane.

Betra ferjetilbod vil gjera kommunane meir attraktive både for dei som vil busetja seg i regionen og for verksemdar som vurderer å etablere seg, og er viktig for vidare vekst for dei etablerte verksemdene. Kommunane Vik og Balestrand har pendlaravstand til Sogndal som er regionsenter og Leikanger som er sete for stat- og fylkesadministrasjonen, til saman mange hundre arbeidsplassar. Medan det har vore arbeidsplassvekst i Leikanger og Sogndal har folketalet gått ned i kommunane Vik og Balestrand. Betra ferjetilbod kan bidra til å snu ei negativ folketaletsutvikling.

Sogn regionråd ønskjer ferjetilbod som er tilpassa næringslivet og pendlarane sine behov. Frekvens på 30 minutt og nattferjer vil bidra til å styrka ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion.

Sogn regionråd støttar Statens vegvesen Region vest sitt framlegg til rutetabell med 30 minutts frekvens og nattferjer for Hella-Vangsnes-Dragsvik. Rutetabellen med tre ferjer heile året er opsjonsrute og vil bli lyst ut parallelt med ein rutetabell som er tilnærma løysinga i dag med to ferjer (tre ferjer om sommaren). Kva for ein av dei to rutetabellane som blir vald vil bli avgjort i etterkant av tilbodsinnleveringa.

Vi ønskjer å møta politisk leing for å grunnkje behovet for 30 minutts frekvens og nattferjer for sambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik.

Med helsing

Noralv Distad  
leiar  
(sign)

Ivar Kvalen  
leiar i samferdslegruppa  
(sign)